

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0124	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bolyst 2013			
<b>Prosjektnavn</b>	Bergteken			

### Kort beskrivelse

Aurland kommune i samarbeid med bondelaget i Aurland, Nærøyfjorden Verdsarvpark og lokale eldsjeler søker om tilskot til å gjennomføre eit prosjekt knytt til bulyst i Aurland. Tittelen på prosjektet spelar på Aurland sin identitet som fjellkommune og til dei mange huldresegnene om at folk blei bergtekne - lokka av dei underjodiske. Målsettinga med prosjektet er at fleire skal falle for Aurland.

### Prosjektbeskrivelse

Prosjektet er inspirert av velukka tilflyttingsprosjekt i andre kommunar. I denne første prosjektfasen handler det mest om mobilisering, og om å skape engasjement gjennom å vise veg for mogelegheiter, lære kvarande sine styrkar, og om å bygge tillit og handlingskapasitet i lokalsamfunnet. I ein neste fase når dette er på plass, er vi godt rusta til å ta store steg i lag.

Det skal likevel gjennomførast konkrete aktivitetar i denne første prosjektfasen. Desse skal vere knytt til å prøve ut ulike strategiar for tilflytting, samt auke bulyst ved å vidareutvikle Aurland sin identitet knytt til natur, historie og kultur. Aurland, som andre stader opplever eit veksande mangfald av najsionalitetar. Vi er opptekne av å få mange med, og ynskjer i denne fasen av prosjektet både å inkludere tilflyttarar, og la oss inspirere av mangfaldet som er lokalt.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Aurland kommune	Vangen 1 5745 AURLAND	-
<b>Kontakt- person</b>	Ass.rådmann Norunn Haugen	Vangen 1 5745 AURLAND	-
<b>Prosjekt- leder</b>	Aurland kommune/Verdsarvparken	Vangen 1 5745 AURLAND	-

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

### Spesifikasjon

**Bakgrunn**

Initiativet til prosjektet kjem frå Bondelaget i Aurland. Bondelaget har erfart at mange som kjem til Aurland ynskjer å etablere seg i kommunen, men at tilgjengeleg bustadmasse er avgrensa. Samstundes er det mange bustader og mindre gardsbruk, som står tomme heile, eller store delar av året. Bondelaget meiner at det er eit potensiale i å motivere eigarar av denne bustadmassa, til leige ut bolig på heilårsbasis, og at det i nokre høve kan bli aktuelt å selje eigedomen. Bondelaget har teke initiativ til eit samarbeid med kommunen, Nærøyfjorden Verdsarvpark og eldsjeler i lokalsamfunnet om å søkje midlar til eit bulyst prosjekt. Eldsjelene i Aurland er opptekne av å skape aktivitet, ta vare på lokal kunnskap og kultur, er engasjerte, og meiner at Aurland har mange kvalitetar, som gir dei høg livskvalitet. Eldsjelene er privat næringsdrivande, dugnadsfolk i frivillege lag og organisasjonar og folkevalde. Det har vore fleire lesarinnlegg i Sogn avis i det siste, som stadfestar at desse blir lagt merke til. Ideen om å kople prosjektet til kommunen sin identitet som fjellkommune og til dei mange huldresegnene vi har kjem frå eldsjeler. Huldra går igjen i arbeidet til lokale kunstnarar, i namnet på lokal foretningsdrift og er ei av opplevingane som reisande med Flåmsbana får oppleve i sommarmånadane, når toget stoppar for "photostop" ved Kjosfossen.

### **Prosjektmål**

Hovudmålsetting med prosjektet er å mobilisere krefter i Aurland til å jobbe for felles målsetting om auka tilflyttinga. Vi vil at fleire skal bli bergtekne av plassen. Dette vil på sikt gagne både næringsliv, offentleg verksemd og gje grunnlag for aktivitet og eit større sørvistilbod.

Prosjektet har tre delmål:

1. Auke busetnad i kommunen
2. Skape fleire møteplassar
3. Legge til rette for mangfald

### **Forankring**

Målsettinga i prosjektet om auka tilflytting er forankra i Aurland kommune sin kommuneplan, frå 2007, og i kommunal planstrategi for 2012-2015.

Ein av utviklingsstrategiane i Aurland for denne valperioden er verdiskaping bygd på kulturarvverdiar. Verdsarvparken er ein viktig verdiskapingsaktør i kommunen.

At kommunen også skal ha fokus på mangfald blir, mellom anna, stadfesta i lokale analysar, som er gjort i samband med arbeid med kommunedelplan for næring i 2012. Folketalet i Aurland har gått mykje ned dei siste 10 åra. Frå 2010 til 2012 er det likevel ein liten auke. Tilflyttarane er i stor grad arbeidsinnvandrarar frå austlege delar av Europa.

Formannskapet har, i møte 28.02.13, fått framlagt ei skisse til prosjektsøknad og bede om at administrasjonen utarbeider ein søknad på bakgrunn av skissa. Formannskapet ber om å få sak om finansiering utgreidd og framlagt som eiga sak.

### **Prosjektorganisering**

Aurland kommune er prosjekteigar.

Formannskapet er styringsgruppe i prosjektet og rådmann har rolla som prosjektansvarleg.

Prosjektansvarleg skal rapportere til eigar og styringsgruppe. Prosjektansvarleg skal rådføre seg med

styringsgruppa om vegval i prosjektet. Prosjektansvarleg har ansvar for økonomien i prosjektet.

Det skal tilsetjast ein prosjektleiar i 50% i eit+eit år. Prosjektleiar skal ha ansvar for framdrifta i prosjektet og skal gjennomføre aktivitetane i prosjektet i tråd med prosjektplan og i samarbeid med prosjektgruppa.

Det blir sett ned ei prosjektgruppe med representantar for samarbeidspartane.

### **Samarbeidspartnere**

Aurland kommune, Verdsarvparcken, landbrukskontoret, Bondelaget i Aurland, frivillege lag og organisasjonar og andre lokale eldsjeler (gruppa er omtala tidlegare i søknaden). Representantar frå "mangfaldet" skal inviterast til å delta i prosjektgruppa.

### **Aktivitetar**

Vi prøvar å gjere aktivitetane så konkrete som mogeleg:

1. Auke busetnad i kommunen, ved at ein større del av bustadmassen blir gjort tilgjengeleg som heilårsbustad. Dette inneber å motivere eigarar av tomme bustader til å leige ut eller til å vurdere sal av bolig. Konkret mål for eittårsperioden er å gjere 5 nye boligar tilgjengelege.
2. Skape fleire møteplassar, ved å gjennomføre lokale bulyst arrangement med tema knytt til formidling av lokal kunnskap og lokal kultur. Gjerne gjennom arbeid med å lage fleire naturmøteplassar der huldra, igjen kan vere tema. Konkret mål for eittårsperioden er 2 bulystarrangement i regi av frivillege lag og organisasjonar eller privat næringsdrivande.
3. Ta vare på mangfaldet, ved å gjennomføre bulyst arrangement med fokus på internasjonal mat, kultur og globale spørsmål. Konkret mål for eittårsperioden er 2 internasjonale arrangement i regi av frivillege lag og organisasjonar eller privat næringsdrivande.

### **Målgrupper**

Alle innbyggjarar i Aurland, både norske og utanlandske, tilflyttarar og dei som er oppvaksne i Aurland er i målgruppa og bør mobiliserast for å målsettingane i prosjektet. Ei prosjektgruppe vil ha mandat til å planlegge og gjennomføre aktivitetane i prosjektet. Prosjektet skal tilstrebe å ha aktivitetar som er retta mot ulike aldersgrupper.

### **Resultat**

Evalueringa av prosjektet må vere i høve til om dei konkrete aktivitetane er gjennomført. Bulyst er subjektivt, og vil ikkje kunne målast utan at det er gjennomført referanseundersøkingar før prosjektet blir sett i gang. Dette blir ikkje prioritert. Folketalet blir påverka av mange faktorar. Det vil såleis vere knytt stor usikkerheit til om ein auke i folketalet ha rein kausal samanheng med aktivitetane i prosjektet.

### **Effekter**

Det er, etter vår vurdering, generelt knytt liten risiko til gjennomføring av aktivitetane i prosjektet. Risiko i høve til resultat er kommentert ovanfor.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Søknad 8. mars

Finansiering innan 01.06.13

Tilsetjing av prosjektleiar innan 01.01.14

Oppstart av prosjektet innan 01.01.14

1. Evaluering av framdrift innan 01.05.14

2. Evaluering av framdrift og vurdere vidareføring av prosjektet innan 01.10.14

Dersom vidareføring skal fastsetting av mål og aktivitetar for neste fase av prosjektet gjerast innan 01.12.14. Dersom prosjektet blir avslutta skal det føreligge sluttrapport for prosjektet innan 31.12.14.

### Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Bulystarrangement	200 000	200 000				400 000
Kontor, kompetanse, reise	100 000	100 000				200 000
Lønn, inkl sosiale utgifter	350 000	350 000				700 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>650 000</b>	<b>650 000</b>				<b>1 300 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Eigeninnsats	100 000	100 000				200 000
Kommunal eigendel	225 000	225 000				450 000
Kommunal- og regionaldepartementet	325 000	325 000				650 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>650 000</b>	<b>650 000</b>				<b>1 300 000</b>

### Geografi

1421-Aurland

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Microsoft Word - Strategisk_handlingsdel_2013_2016.pdf	1 381 821	06.03.2013
Samfunns- +og+næringsanalyse+for+Aurland+kommune+16102012.pdf	1 205 837	06.03.2013